



Samarbeid mellom **flyktningtenesta, asylmottak og den offentlege tannhelsetenesta**



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Innhald

Innhald	2
Begrepsavklaring.....	3
Tannhelsetenester	3
Samarbeid mellom flyktningtenesta, asylmottak og tannhelsetenesta	4
Flyktningar, asylsøkarar og familiegjenforeinte utan rett til tannhelsehjelp i den offentlege tannhelsetenesta	5
Tolketenester	5
Forbod mot bruk av barn som tolk, (jf. Tolkeloven § 4)	6
Behandling, helsefremmande og førebyggjande tiltak	7
Informasjonsmateriell og undervisning	7
Undervisningsmateriell:	8
Lover og nasjonale føringar som styrer arbeidet	9
Samarbeidsavtale mellom flyktningtenesta og den offentlege tannhelsetenesta	10
Samarbeidsavtale mellom den offentlege tannhelsetenesta og asylmottak/omsorgssenter for mindreårige asylsøkarar ikommune	11

Begrepsavklaring

- **Asylsøkar:** Ein person som kjem til Norge og søker om vern og ikkje har fått søknaden avgjort. Personen kan få mellombels opphald under søknadsprosessen. Dersom søknaden blir godkjent, får søkaren opphaldsløyve som flyktning eller på humanitært grunnlag.
- **Flyktning:** Ein person som fyller krava til vern, og har fått opphaldsløyve i Norge og er busett i ei kommune.
- **Overføringsflyktning (kvoteflyktning):** Som Norge tar imot etter søknad frå FNs høgkommissær for flyktningar (UNHCR) og som oppfyller flyktningkonvensjonen. Personen blir busett direkte i ei kommune.
- **Opphald på humanitært grunnlag:** Opphaldsløyve på grunn av sterke menneskelege omsyn eller særleg tilknytning til Norge.

Tannhelsetenester

Fylkeskommunen skal sørge for at nødvendig tannhelsehjelp er tilgjengeleg for alle som bur eller mellombels oppheld seg i fylket, herunder flyktningar, asylsøkarar og familiegjenforeinte. Den offentlege tannhelsetenesta har ansvar for å skaffe ei oversikt over gruppene dei har ansvaret for. Dersom ein bebuar i ankomstsenter, transittmottak, ordinært mottak eller integreringsmottak uttrykker behov for tannhelsehjelp, skal tannhelsetenesta kontaktast.

Personar som er omfatta av følgjande grupper har rett på nødvendig tannhelsehjelp i den fylkeskommunen dei bur eller mellombels oppheld seg, jf. tannhelsetjenesteloven §1-3:

- Barn og ungdom frå fødsel til og med det året dei fyller 18 år
- Psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon
- Grupper av eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon og i heimesjukepleia
- Ungdom som fyller 19 eller 20 år i behandlingsåret får 75 % rabatt på tannbehandling.

I tillegg har Stortinget, gjennom budsjettvedtak gitt personar i følgjande grupper rett til nødvendig tannhelsehjelp i den offentlege tannhelsetenesta:

- Personar som pga. eit rusmiddelproblem tek imot tenester etter Helse- og omsorgstenesteloven eller under legemiddelassistert rehabilitering (LAR).
- Innsette i fengsel i kriminalomsorga.
- Ungdom som fyller 21 og 22 år i behandlingsåret får 50% rabatt på tannbehandling.

Flyktningar, asylsøkarar og familiegjenforeinte som er omfatta av desse gruppene har rett til innkalling og nødvendig tannhelsehjelp frå den offentlege tannhelsetenesta i det fylket dei oppheld seg. Dette gjeld uavhengig av om dei oppheld seg i mottak eller ikkje. Flyktningar, mottak og asylsøkarar må få kjennskap til kva rettar den enkelte har til nødvendig tannhelsehjelp og førebyggjande tenester. Barn på mottak vil ha ei varierende tannhelse, og mange kan ha høg risiko for karies.

- Tannregulering er ikkje omfatta av tilbudet til den offentlege tannhelsetenesta. Tannregulering med fast apparatur bør ikkje settast i verk før pasienten har fått opphaldsløyve og er fast busett i ei kommune.
- Akutt behandling av flyktningar som alt er i gang med kjeveortopedisk behandling når dei kjem til Norge, vil vere behandling av lause brackets, mista/øydela strenger o.l. som fører til smerte og ubehag for pasientane. Om denne behandlinga kan utførast av allmenntannlege i den offentlege tannhelsetenesta, finansierast det av fylkeskommunen så lenge pasienten har rettigheter i tannhelsetenestelova. Dersom ikkje, kan faktura sendast til UDI, jf. Kap.2 om finansiering i Nasjonal veileder, "Helsetjenester til asylsøkerer, flyktningar og familiegjenforente" (IS-1022).

Dersom det er tvil om ein asylsøkar er over eller under 18 år, skal personen behandlast som mindreårig fram til utlendingsmyndigheita har fatta vedtak i personen sin asylsak, og dermed avgjort personen sin alder.

Samarbeid mellom flyktningtenesta, asylmottak og tannhelsetenesta

Målet for samarbeidet er at flyktningar, asylsøkarar og familiegjenforeinte, uavhengig av alder og livssituasjon, skal ha kunnskap og moglegheit til å oppretthalde ei optimal oral helse, eller få hjelp av omsorgspersonar som har denne kunnskapen.

For å sikre eit godt tilbod til denne gruppa, er vi avhengig av gode og forpliktande samarbeidsrutinar mellom asylmottaka, omsorgssenter for mindreårige asylsøkarar, flyktningtenesta og tannhelsetenesta gjennom samarbeidsavtaler.

Tiltak:

- Det skal settast i verk helsefremmande og førebyggjande tiltak som fører til god tannhelse hos dei som bor i asylmottak, omsorgssenter for mindreårige asylsøkarar, flyktningar og familiegjenforeinte.
- Barn, ungdom og andre som høyrer til grupper med rett på gratis tannhelsetenester skal få hjelp slik at dei blir i stand til å ta vare på si eiga tannhelse, eller med hjelp frå føresette eller andre omsorgspersonar.
- Kvalitetssikre tannhelseinformasjonen slik at dei får eit tilbod tilpassa eige nivå, språk og behov.
- Sørge for ein god kommunikasjon og ei forsvarleg teneste ved bruk av kvalifisert tolk.

Det er utarbeidd to samarbeidsavtaler for å sikre eit godt samarbeid: Ei samarbeidsavtale mellom tannhelsetenesta og flyktningtenesta, og ei samarbeidsavtale mellom tannhelsetenesta og asylmottaka/omsorgssenter for mindreårige asylsøkarar. Avtalen består av rutinar for samarbeid og om fordeling av ansvar for korleis tannhelsehjelp og førebyggjande tannhelsetenester skal ytast. Samarbeidsavtalane kan lastast ned på:

<https://intranett.mrfylke.no/Intranett/Fagavdelingar/Tannhelse/Folkehelse-og-samhandling/Flyktningtenesta-asylmottak-og-minoritetsgrupper>

Tannhelsepersonell bør vere merksam på at pasientar som har vore **utsett for tortur**, kan lide under smerter og ha skader på tenner og i munn, i tillegg til at sjølve tannundersøkinga kan opplevast

belastande. Ved dokumentasjon av torturskadar skal retningsliner for helseattestar følgjast, jf. [helsepersonelloven § 15.](#)

Dersom det ligg føre dokumentasjon på at pasienten er utsett for tortur (treng ikkje vere spesifikt retta mot munn eller tenner), kan vedkomande ha rett til behandling av TOO - teamet. Pasienten bør vere informert, og ønske å gjennomføre tilvenningsprosessen og den tilrettelagde tannbehandlinga som blir gitt i TOO sin regi. Tilvising skal sendast direkte til TOO-teamet, v. Trine Monsen. Adressa er: Kompetanseklinikken St. Carolus, Bjørnstjerne Bjørnsons veg 6. 6412 Molde. Eventuelle spørsmål skal rettast direkte til Trine Monsen tlf: 71284620.

Flyktningar, asylsøkarar og familiegjenforeinte utan rett til tannhelsehjelp i den offentlege tannhelsetenesta

Flyktningar, asylsøkarar og familiegjenforeinte som ikkje er omfatta av gruppene som er lista opp etter lov om tannhelsetjenester §1-3 eller som Stortinget har gitt rettigheit til tannhelsehjelp gjennom budsjettvedtak, har ikkje rett til tannhelsehjelp i den offentlege tannhelsetenesta. Dei må sjølv kontakte tannlege og dekke utgifter til tannbehandling sjølv. Tannhelsepersonell bør informere pasienten om dette ved kontakt, og mottaka skal informere bebuarane i mottaket.

- Dersom pasienten eller mottaket kontaktar tannhelsetenesta for timeavtale, bør det informerast om pasienten sitt behov for tolk og val av språk.
- Tolkeutgifter skal dekkast av pasienten sjølv. I enkelte tilfelle dekker UDI utgiftene. Jf. Nasjonal veileder "Helsetjenester til asylsøkere, flyktningar og familiegjenforente" (IS 1022) kap. 2. Finansiering - Tannhelsetjenester.

Tannhelsepersonalet bør oppfordre pasienten til å ta med nødvendig informasjon til konsultasjonen, som personalia, namn, fødselsdato og D,- eller DUF-nummer og ei oversikt over eigne helseopplysningar og eventuelle medisinar.

- D-nummer, ein identifikasjon gitt av skatte-etaten til den som enno ikkje oppfyller vilkår for å få personnummer.
- DUF-nummer, eit registreringsnummer gitt av UDI når ein registrerer seg som asylsøkar.

Personar som bor eller oppheld seg i mottak, mottar basisytingar frå UDI etter bestemming i Rundskriv RS 2008-035V1. Basisytingane er meint å dekke alle utgifter personen har til livsopphald, inkludert eigenandel ved legekonsultasjon og utgifter til tannbehandling. Pasienten må som hovudregel betale for tannbehandlinga sjølv.

Tolketenester

Ny tolkelov frå 1.1.2022 forpliktar offentlege tenesteytarar å bruke tolk ved språkbarrierar. Loven skal bidra til å sikre tryggleiken og forsvarleg hjelp og teneste for personar som ikkje kan kommunisere forsvarleg med offentlege organ utan tolk. Loven skal også bidra til å sikre at tolkar held fagleg forsvarleg standard.

God kommunikasjon er ein føresetnad for at tannhelsetenesta skal lykkast med å yte gode og forsvarlege tenester. I mange tilfelle er det nødvendig at kvalifisert tolk hjelper tannhelsepersonell i samband med undersøking og behandling.

Det er helsepersonellet sitt ansvar å vurdere om tolk er nødvendig for å sikre god kommunikasjon, og å yte forsvarleg helsehjelp. Det å bruke kvalifisert tolk er viktig for å ta vare på brukaren sin rettstryggleik.

Når eit offentleg organ brukar tolk, skal tolken vere kvalifisert og oppfylle krava for å vere oppført i Nasjonalt tolkeregister, jf. Tolkeloven § 17. Tannhelsepersonell skal bruke kvalifisert tolk (registrert i Nasjonalt tolkeregister). Ei oversikt over kvalifiserte tolkar finn de under: <https://tolkeregisteret.no/>

Kravet om å bruke kvalifisert tolk må ikkje følgast dersom det ikkje er forsvarleg å vente til ein kvalifisert tolk er tilgjengeleg i naudsituasjonar, eller når andre sterke årsaker tilseier det.

Familiemedlemmar eller andre kjente bør ikkje vere tolk eller språkhjelpar. Å nytte nærkontaktar og andre personar til å tolke, kan bidra til at sensitive opplysningar kjem på avvegar.

Språklege ressurspersonar skal ikkje tolke sensitiv og viktig informasjon som handlar om enkeltpersonar, men dei kan utføre kjerneoppgåver og formidle informasjon på eit anna språk enn norsk, som til dømes ved undervisning.

Forbod mot bruk av barn som tolk, (jf. Tolkeloven § 4)

«Offentlige organer skal ikke bruke barn til tolking eller annen formidling av informasjon. Unntak kan gjøres når det er nødvendig i nødsituasjoner eller i tilfeller der det ut fra hensynet til barnet og omstendighetene for øvrig må anses forsvarlig».

Utgifter til tolk i samband med tannbehandling til personar som er omfatta av tannhelsetjenesteloven § 1-3, eller andre grupper med rett til gratis nødvendig tannhelsehjelp, skal dekkast av den offentlege tannhelsetenesta.

Retningslinje for bestilling av tolk:

Gå inn på tolkeregisteret.no

- *Nasjonalt tolkeregister*
- *«Finn kvalifisert tolk»*
- *Vel land og språk. Gjer oppslag på tolk: Har du alt eit namn eller Tolk ID du vil bruke, skriv inn namnet eller Tolk ID. Om ikkje, gå direkte på søk.*
- *Her finn du namn på tolkar sortert etter kvalifikasjonar. Prioriter dei høgste kvalifiserte tolkane, frå kategori A og nedover.*

Ved bruk av tolk:

- *Avklar først med flyktingtenesta og asylmottak/omsorgssenter for mindreårige asylsøkarar om det er behov for tolketeneste, og bestill tolk i god tid.*
- *Sett av nok tid. Husk at ei tolka samtale tar lengre tid, då alt skal seiast to gongar.*
- *Ved bestilling av tolk, spesifisere bestillinga:*
 - *Språk (ev. dialekt/land).*
 - *Tolkeform: oppmøte / telefon / skjerm.*

- Ring gjerne tolken, forklar situasjon og behandlingssgang.
- Ver godt førebudd på eigen rolle og styr samtalen.
- Be tolken informere om si rolle, nøytralitet og teieplikt til pasienten.
- Samtalepartnarane skal vende seg direkte til kvarandre, ikkje til tolk. Ha augekontakt med pasienten.
- Snakk tydeleg, kort og forståeleg. Bruk eit enkelt språk og ikkje mange spørsmål/tema samtidig.
- Gi tolken nok tid.
- Forklar ord som er spesifikke i tannhelsesituasjon.
- Spør pasient/føresett om kva han tenker om det du har sagt.
- Ver sensitiv for pasienten sine reaksjonar i tolkesituasjonen.
- Ikkje la tolken vere åleine med pasient.
- Skriv i journalen om det vart brukt tolk, og om det er behov for tolk ved vidare oppfølging.

For meir informasjon: <https://www.imdi.no/tolk>

Behandling, helsefremmande og førebyggjande tiltak

- Møt pasienten med interesse og respekt.
- Ta det pasienten seier på alvor, ein god relasjon mellom behandlar og pasient kan verke helsefremmande og førebyggjande i seg sjølv.
- Eit godt samarbeid fører ofte til ei vellykka behandling, og aukar sjansen for at pasienten får tillit til norsk tannhelseteneste (og helseteneste).
- Tannhelsepersonell deler ut gratis tannhelseartiklar som tannkrem og tannbørste ved første besøk på tannklinikken til pasientar frå 3 til 20 år. Helsestasjonstenesta deler ut gratis babytannbørste frå den offentlege tannhelsetenesta.

Barn med innvandrarbakgrunn

- Tannlege eller tannpleier bør ha høg merksemd mot barn med innvandrarbakgrunn og tett oppfølging av dei som har behov.
- Innvandrarak er ei samansett gruppe, og det er sosial ulikheit mellom innvandrarak på same måte som hos etnisk norske borgarak. Tannhelsekompetansen kan vere mangelfull, og kariesrisikoen større.

Informasjonsmateriell og undervisning

Flyktingtenesta i kommunen har eit introduksjonsprogram for flyktingar. Programmet skal minst innehalde norskopplæring, samfunnskunnskap og arbeids,- eller utdanningsretta tiltak. Oral helse skal vere eit obligatorisk tema i introduksjonsprogrammet til flyktingar, jf. Samarbeidsavtalen. Det er også ønskeleg at oral helse er tema ved norskopplæring og informasjonsdeling ved asylmottak/omsorgssenter for mindreårige asylsøkarar jf. samarbeidsavtalen.

Tips ved undervisning:

Ved informasjon/undervisning bruker ein gjerne lengre tid enn vanleg, då tolkar må omsette tannhelseinformasjonen. Dette kan vere på fleire språk, så rekn derfor god tid, ca. 1,5-2 timar.

Få informasjon om kven som blir deltakarar på kurset. Om det er foreldre, einslege mindreårige eller begge delar, og kva språk deltakarane har. Hent aktuelt materiell ut frå målgruppe og språk.

- Prat seint og tydeleg og bruk eit enkelt språk.
- Gi grunnleggande **enkel** informasjon, ikkje tenk at noko er kjent.
- Informer kort om:
 - tannhelsetenesta sitt samfunnsoppdrag og organisasjon
 - kva grupper som har rett på gratis tilsyn frå den offentlege tannhelsetenesta
 - rutinar for innkalling på tannklinikk
 - at det er viktig å møte på tannklinikken til avtalt tid
 - Fagleg tema om kosthald og om oral helse
 - Vent til tolken har prata ferdig før det blir gitt meir informasjon (ein til to setningar før tolken omset)
 - Bruk tid til spørsmål og dialog
 - Ver merksam på at språkleg misforståing kan oppstå

Undervisningsmateriell:

- Sunn start si undervisningspakke om munnhelse, www.sunnstartnorge.no
- Undervisningsmateriell utarbeidd av tannhelsetenesta i Møre og Romsdal, med forskjelleg bildemateriell til å sette saman ut frå målgruppa.
- Brosjyrar på fleire språk til formidling: <https://www.tkmidt.no/>
- Andre anbefalte hjelpemidlar frå tannhelsetenesta.

Visualisering er viktig. Ta gjerne med ulike hjelpemidlar som til dømes:

- Modell og ulike tannbørstar
- Tanntråd/tannstikkar/interdentalbørste
- Praktisk vising på modell
- Fluortannkrem og ev. anna fluortilskot
- Sukettar
- Colaflaske og andre matvarer, eks. med sukkerbiter for å illustrere mengde med sukker.

Hugs, alt dette skal brukarane kunne kjenne igjen i butikken.

Mange asylsøkarar og flyktningar brukar naturlege produkt for å gjere tennene reine, som eks. Miswak, som er ein kvist som blir brukt som tannbørste eller til å tygge på. Dette er å få kjøpt i dei fleste innvandrarbutikkar. Miswak blir brukt i dei fleste muslimske land, India, Sørøst-Asia og enkelte land i Afrika. Det er viktig å påpeike at ein i tillegg må bruke tannbørste og fluortannkrem to gonger dagleg.

Lover og nasjonale føringer som styrer arbeidet

- Lov om tannhelsetjenesten (1983)
- IS-2540, Nasjonal faglig retningslinje for tannhelsetjenester til barn og unge 0-20 år (oppdatert 31.3.2022)
- Lov om offentlige organers ansvar for bruk av tolk mv. (tolkeloven) (2022)
- Lov om pasient og brukerrettigheter (1999)
- Lov om helsepersonell (1999)
- Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (oppdatert 17.6.2022)
- IS-1022, <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/helsetjenester-til-asylsokere-flyktninger-og-familiegienforente> (oppdatert 5.5.2022)
- IS-1924, Veileder om kommunikasjon via tolk for ledere og personell i helse- og omsorgstjenesten (2011)
- IS- 1589, God klinisk praksis i tannhelsetjenesten – en veileder i bruk av faglig skjønn ved nødvendig tannbehandling
- IMDI.no/tolk
- Nasjonal strategi om innvandreres helse 2013-2017 «Likeverdige helse- og omsorgstjenester – god helse for alle»

Samarbeidsavtale mellom flyktingtenesta og den offentlege tannhelsetenesta

Flyktingtenesta sitt ansvar:

- Delta på årlege samarbeidsmøte med tannhelsetenesta. Tannhelsetenesta kallar inn til møte og skriv referat.
- Om mogleg, vel ein kontaktperson som er ansvarleg for samhandling med tannklinikken.
- Informere den offentlege tannhelsetenesta om kva barn og ungdom (0-20 år), og andre som er omfatta av dei prioriterte gruppene jf. tannhelsetjenesteloven §1-3 bokstav a til e.
- Informere nye flyktingar om rettar og plikter som angår tannhelsetenesta jf. «Veileder for helsetjenestetilbudet til asylsøker, flyktingar og familiegjeforente».
 - Tannregulering med fast apparatur er ikkje omfatta av tilbudet før vedkommande har fått opphaldsløyve og har flytta til permanent bustad
 - Personar over 18 år blir belasta for avtalt time sjølv om han ikkje møter til time
- Informere bebuarane om at dei må ta med til tannklinikken:
 - Helseinformasjon
 - Id-kort med D,- eller DUF-nr
- Legge inn tannhelse som fast tema på introduksjonsprogrammet, der tannhelsetenesta får eit fast innslag.

Tannhelsetenesta sitt ansvar:

- Orienter seg om korleis flyktingtenesta er organisert i sin kommune.
- Kalle inn til årlege samarbeidsmøte, og skrive referat frå møte.
- Sørgje for å ha oversikt over flyktingar som er omfatta av dei prioriterte gruppene jf. tannhelsetjenesteloven §1-3 bokstav a til e.
- Gi kvalitetssikra tannhelseinformasjon tilpassa nivå, språk og behov, slik at pasienten/føresette blir i stand til å ta vare på si eiga tannhelse.
- Dele ut gratis tannhelseartiklar til pasientar i gruppe A ved første besøk på tannklinikken.
- Sette i verk helsefremmande og førebyggjande tiltak som kan bidra til god tannhelse.
- Delta på flyktingtenesta sine introduksjonsprogram med informasjon om den offentlege tannhelsetenesta og om oral helse.
- Bebuarar som fell utanfor dei prioriterte grupper må sjølv oppsøke tannlege ved behov. Den offentlege tannhelsetenesta vil så langt det lar seg gjere tilby behandling.
- Bestille kvalifisert tolk dersom behov. Barn skal ikkje nyttast som tolk, og familiemedlemmar eller andre kjente skal ikkje vere tolk eller språkhjelper.
- Ved behandling av prioriterte grupper etter tannhelsetjenesteloven § 1-3, skal utgifter til tolketenesta dekkast av den offentlege tannhelsetenesta.

Dato/sign:.....
Leiar for flyktingtenesta i
ikommune

Dato/sign:.....
For tannhelsetenesta: klinikkleiar/overtannlege

Samarbeidsavtale mellom den offentlege tannhelsetenesta og asylmottak/omsorgssenter for mindreårige asylsøkarar ikommune

Asylmottaket/omsorgssenter for mindreårige asylsøkarar sitt ansvar:

- Delta på årlege samarbeidsmøte med tannhelsetenesta. Tannhelsetenesta kallar inn til møte og skriv referat.
- Om mogleg, vel ein kontaktperson som er ansvarleg for samhandling med tannklinikken.
- Informere tannhelsetenesta om kva barn (0-20 år), og andre som er omfatta av dei prioriterte gruppene jf. tannhelsetjenesteloven §1-3, bokstav a til e.
- Informere asylsøkarar om rettar og plikter som angår tannhelsetenesta jf. «Veileder for helsetjenestetilbudet flyktninger og familiegjenforente».
 - Tannregulering med fast apparatur er ikkje omfatta av tilbodet før vedkommande har fått opphaldsløyve og har flytta til permanent bustad.
 - Personar over 18 år blir belasta for avtalt time sjølv om han ikkje møter til time
- Informer bebuarane om at dei må ta med til tannklinikken:
 - Helseinformasjon
 - Id-kort med D,- eller DUF-nr
- Legge inn tannhelse som tema på norskundervisning/informasjonsdeling, der tannhelsetenesta får eit fast innslag.

Tannhelsetenesta sitt ansvar:

- Orienter seg om korleis asylmottaka/omsorgssenter for mindreårige asylsøkarar er organisert i sin kommune.
- Kalle inn til årlege samarbeidsmøte, skrive referat frå møte.
- Sørgje for å ha oversikt over nye asylsøkarar som er omfatta av dei prioriterte gruppene jf. tannhelsetjenesteloven §1-3 bokstav a til e.
- Gi kvalitetssikra tannhelseinformasjon tilpassa nivå, språk og behov, slik at pasient/føresett blir i stand til å ta vare på si eiga tannhelse.
- Dele ut gratis tannhelseartiklar til pasientar i gruppe A ved første besøk på tannklinikken.
- Sette i verk helsefremmande og førebyggjande tiltak som kan bidra til god tannhelse.
- Delta på asylmottaket/omsorgssenter for mindreårige asylsøkarar si norskundervisning/introduksjonsprogram med informasjon om oral helse.
- Bebuarar som fell utanfor prioriterte grupper må sjølv oppsøkje tannlege ved behov. Den offentlege tannhelsetenesta vil så langt det lar seg gjere tilby behandling.
- Bestille tolketeneste dersom behov. Barn skal ikkje nyttast som tolk, og familiemedlemmar eller andre kjente bør ikkje vere tolk eller språkhjelper.
- Ved behandling av barn og andre i prioriterte grupper etter tannhelsetenesteloven § 1-3, skal utgifter til tolketenesta dekkast av den offentlege tannhelsetenesta.

Dato:..... Sign:.....

Leiar for asylmottaket/omsorgssenter
for mindreårige asylsøkarar i
.....kommune

Dato:.....Sign:.....

For tannhelsetenesta: Klinikkleiar/overtannlege

Besøksadresse:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Julsundvegen 9
6412 Molde

Postadresse:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Postboks 2500
6404 Molde

Telefon: 71 25 80 00

Mail: post@mrfylke.no

Web: mrfylke.no



Møre og Romsdal
fylkeskommune